

Ivar Holmaas  
Sandnesstykket 3  
5981 Masfjordnes

Masfjorden kommune v/teknisk etat  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

23.11.2022

VEDR. SØKNAD OM DISPENSASJON REF. 22/678-22/7466

Syner til dispensasjonssøknad sendt inn av Øystein Gjerde i forhold til ombordstigingsbrygge ved bnr. 96, på gnr. 32.

Som medeigar av bnr. 59 og brukar av den aktuelle brygga, samt medeigar av bnr. 2 der landfeste for brygga er, støttar eg dispensasjonsøknaden.

Nausteigarane i området har rett til å legge båt i fortøyingsbøyer. Det er mange naust og eit krav om maks 10 meter avstand frå ei definert grense til bøylene. Vidare er det ei småbåthamn i området. Det er gjeve løyve til å plassere den nærare land enn ytre grense for plassering av hamna. Det er ei utfordring å kombinere alt som lagt inn i reguleringsplanen. Det er ønskeleg å finne løysingar som tar omsyn til alle rettar og behov i området.

Ei ombordstigingsbrygge vil naturleg nok gje ei enklare og tryggare ombordstiging enn blåser og pir med trapp. Etter mi vurdering vil ei ombordstigingsbrygge, som alternativ til bøyer/pir, føre til betre tilkomst og bruk av det aktuelle havneområdet for alle andre også. Både andre nausteigarar og brukarar av småbåthavna.

Helsing



Ivar Holmaas  
tlf 951 08 500